



## Grovfôr - Rådgjevingsmelding nr 7 – 10. juni 2011

### Innhald:

- ✓ **Ensilering av gras**
- ✓ **Kvalitetsprognose førsteslått tidlege stader i fylket**
- ✓ **Saukurs i Hafs-regionen til hausten**

### Ensilering av gras

I denne veka før Pinse burde det vore slege ein del raisvingel, evt timoteieng, på tidlege stader i fylket. Veret har vore stabilt dårleg dei fleste stader. I skrivande stund ser det dårleg ut med fortørking også i veka etter Pinse. Vi må ha friskt i minne at mesteparten av rundballane som blei laga i Sogn og Fjordane i fjor, var for våte. Dette var tema på fleire av våronnmøta i år. Tørrstoffinnhaldet låg mykje på nedre del av 20-talet. Under slike tilhøve er det heilt nødvendig å bruke syrehaldig ensileringsmiddel for å oppnå topp grovfôr. Dette såg vi tydeleg då vi gjekk gjennom prøvane frå Sogn og Fjordane for 2010, med mykje syre og ammoniakk som restprodukt etter gjæringsprosessen som resultat. Dette sler negativt ut i opptaksindeksen til grovfôret.

I denne artikkelen tek vi med nokre råd i samband med ensilering, både generelle råd ut frå erfaring og forsøk, og også frå ein artikkel skriven av forskar Åshild Randby ved UMB.

Maursyra er med på å redusere gjæringa, slik at mest mogeleg av sukkeret blir igjen som energi til dyra. Dersom ein ikkje brukar syre under fuktige tilhøve, oppstår faren for feilgjæring, med mykje ammoniakk (proteinspalting) og evt smørsyre som resultat. Dette kan skje også ved bruk av bakteriepreparat til fuktig gras. Randby refererer til forsøk med ensilering av godt fortørka gras, der bruk av bakteriepreparat har gitt ekstremt lite sukker i fôret, og også for mykje syrer som restprodukt etter gjæringa. Dette var på same nivå som utan bruk av middel ved tørrstoffinnhald på ca 33 %.

Dersom ein skal ensilere vått fôr i rundballar eller i silo, må ein vere klar over at det er maursyra i middelet som er det aktive stoffet. Dette betyr i klartekst at det er Ensil 1, GrasAAT Lacto, FôrSil og evt Maursyre 85 % som er aktuelle middel ved tørrstoffprosent under ca 27. Dersom ein har kjøpt inn "Pluss-middel" med tanke på fortørking, og såleis likevel må bruke desse, sjølv under for våte forhold, må ein tenkje seg litt om. Ensil Pluss, GrasAAT Plus og FôrSil Plus inneheld mindre maursyre enn dei andre midla. Dei inneheld i tillegg propionsyre, men dette er ei svakare syre, og bidreg mykje mindre enn maursyra når det gjeld å senke pH i graset. Propionsyre er 10 gongar svakare enn maursyre. Propionsyra har stort sett berre effekt når det gjeld å unngå gjærsopp (varme). Brukar ein t.d. Ensil Pluss ved 27 % tørrstoff, eller lågare, så må doseringa aukast i høve til bruk av dette midlet på tørrare fôr. 4 liter Ensil 1 tilsvarar 4,8 liter Ensil Pluss



*Under fuktige forhold er det maursyre-haldige ensileringsmiddel som sikrar best resultat i fjøsen. Foto: Addcon*

under fuktige forhold. Det er først når ein kjem over ca 27 % tørrstoff at propionsyra i “Pluss-midla” kjem til sin rett. Det må vere eit mål å kome over dette nivået i rundballar.

Mygl i rundballar er ei problemstilling, spesielt i tørre, litt lause rundballar. Mygl får vi berre dersom luft har vore tilstades. Maursyre verkar ikkje mot mygl. Sannsynlegvis er ekstra med plast det beste rådet mot mygl, i tillegg til god kutting og pakking.

Det har i det siste vore skrive litt omkring etanolsmak i mjølk. Etanolgjæring i fôret får ein helst når tørrstoffinnhaldet kjem over 30 %, og aller helst utan bruk av ensileringsmiddel, evt ved bruk av bakteriepreparat og maursyre. Etanol blir produsert berre under tilhøve utan luft. Forsøk syner at propionsyra reduserer etanolinnhaldet, både under tørre, og noko fuktigare tilhøve. Såleis har det lite føre seg å bruke dei vanlege syremidla som Ensil 1, GrasAAT Lacto, FôrSil og Maursyre 85 % når ein kjem opp på 30-talet i tørrstoffprosent. Maursyre har liten effekt mot etanolgjæring.

Kofasil Ultra er effektivt mot etanolgjæring under svært tørre forhold.

Aerob stabilitet blir og omtala i artikkelen til Åshild Randby. Det vil seie den evna fôret har til å halde seg bra utan varmgang etter opning av rundballen, evt etter at eit hiv med surfôr er teke opp frå siloen. Her er midla med propionsyre best, dvs “Pluss-midla”. Sterk dose gjev best resultat. Bakteriepreparat, maursyre og fôr utan ensileringsmiddel kom klart dårlegast ut i forsøk.

Det har vore hevda at bakteriepreparat kan verke bra. Sist i ein artikkel i Norsk Landbruk. I dette siste tilfellet må vi merke oss at det gjeld tørt fôr på godt over 30 % tørrstoff. Ved mindre enn ca 30 % tørrstoff, vil vi sterkt frårå bruk av slike middel. Dei senkar ikkje pH så raskt som maursyreholdige middel gjer, og meir sukker blir brukt i gjæringsprosessen. Altså for sterk gjæring, med mykje restprodukt som resultat. Dette såg vi også på dei prøvane som var tekne i Sogn og Fjordane i 2010, der bakteriepreparat var brukt i svært våte rundballar. Sterkt gjæra surfôr, med lite sukker og mykje mjølkesyre, ser heilt fint ut. Det er såleis ikkje råd å vurdere dette godt nok ut frå farge og lukt. Dette kan vere årsaka til at overraskande mange bønder er nøgde med fôrkvaliteten, sjølv utan bruk av syreholdige middel. På opptaksindeksen på fôranalysen syner dette derimot svært godt. I følge Randby sine forsøk er det grunn til å vente 5-10 % høgare fôropptak ved bruk av syremidla i høve til bakteriepreparat og fôr utan tilsetning. Kofasil Ultra gav berre ein beskjeden auke i opptaksindeksen i høve til desse.

Kjelde: Åshild Randby, artikkel i Bondevennen nr 20/21 2011.

## Kvalitetsprognose førsteslått tidlege stader i fylket

Vi presenterer her prognosar for graskvalitet (fôreiningskonsentrasjon) for 6 ulike stader i fylket fram til 20. juni. Diagramma under får vi ved å plote data inn i "Grovfôrmodellen", som Bioforsk har utvikla (<http://www.vips-landbruk.no/models/mo1001s.jsp>).

For at han skal bli så presis som mogeleg, har vi teke ut grasprøver til analyse på dei 6 ulike stadane tidleg i denne veka. I tillegg vert utviklinga til graset nøyaktig vurdert. Sidan modellen er kalibrert mot timotei, er alle prøvene teke i ung eng der timotei dominerer.

Fôrkvalitet 6. og 7. juni 2011:

		<b>Fem/kg TS</b>	<b>PBV/kg TS</b>	<b>NDF/kg TS</b>
Brekke	Gulen	0,87	26	63
Arnafjord	Vik	0,89	30	61
Vik	Vik	0,97	19	55
Breim	Gloppen	0,92	4	54
Sandane	Gloppen	0,92	1	58
Staumsnes	Fjaler	0,91	26	59

### Ytre Sogn tidlegast


Ikkje uventa hastar det mest å komme i gang med slåttene i ytre strok. Om vêrprognosane sler til, er det sannsynleg at graset får ein energikonsentrasjon under 0,85 FEm pr kg TS allereie no i Pinsa. Difor bør ein vere svært godt førebudd og sette i gang med slåttene så snart som vêret tillet det i denne regionen.

Ved alle dei andre stadane vil det truleg vere noko betre fôrkvalitet enn i Ytre Sogn i komande veke. I Vik og i Breim vil det vere god kvalitet heile veka etter Pinse.


Seinare stader i fylket er ikkje omtala her. Vi vil komme med ei prognose til litt seinare.

### Vinterskada areal


Dei av dykk som har mykje vinterskada areal bør ha fokus på avlingsmengde i år. Det har vore vanskeleg å få tak i lokalprodusert fôr no i vinter og vår. Det er svært sannsynleg at den situasjonen vil bli minst like vanskeleg til neste vinter. Dessverre ser det ut som om dette med litt seinare slått vil justere seg sjølv med dei vêrprognosane vi har for fylket for komande veke.




*Figur 1: Kvalitetsprognose for Ytre Sogn (Brekke) fram til 19. juni 2011.*




**Figur 2:** Kvalitetsprognose for Indre Sogn (Arnafjord) fram til 19. juni 2011




**Figur 2:** Kvalitetsprognose for Indre Sogn (Brekke i Vik) fram til 19. juni 2011



**Figur 4:** Kvalitetsprognose for Indre Nordfjord (Felde, Breim) fram til 19. juni 2011



**Figur 5:** Kvalitetsprognose for Indre Nordfjord (Sandane) fram til 19. juni 2011



**Figur 6:** Kvalitetsprognose for Ytre Sunnfjord (Straumsnes, Fjaler) fram til 19. juni 2011



*Ung eng på Straumsnes i Fjaler tysdag 7. juni. Ein del aks på timotei er synleg.*

## Sauekurs i Hafs-regionen

NLR Sogn og Fjordane, i samarbeid med Kystarven, arrangerer to sauekurs i ytre delar av fylket:

- Atløy i Askvoll
- Byrknes/Sandøy i Gulen.

Den første kursdagen vert i første veka av september 2011.

Kurset kostar kr. 800,-. Kystarven går inn med kr 200, slik at det vil kosta dykk kr 600.

Det vert tre samlingar på kvart av dei to kursa. Første dagen er me ute i lag og vurderer beitekvaliteten og diskuterer skjøtsel på inn- og utmark. Tema på dei neste to samlingane får fokus på det som deltakarane ønskjer å fordjupa seg i: Stell av innmarksbeite, dyrehelse, rovvilt, ulike gjerde, lyngsviing og/eller anna skjøtsel av utmarka. Me får med oss spesialiserte fagpersonar til dei aktuelle tema, slik at kurset vil ha høg fagleg kvalitet. Håpar de melder dykk på eit av kursa!

Påmelding innan 1. august til [astrid.sandvik@lr.no](mailto:astrid.sandvik@lr.no) Tlf : 901 34 097



*Sauehald er ei næring som krev høg grad av kunnskap for å lukkast.*

## Med helsing grovfôrrådgjevarane i NLR Sogn og Fjordane:

Arve Arstein 99470161 - [arve.arstein@lr.no](mailto:arve.arstein@lr.no)

Astrid Sandvik 90134097 - [astrid.sandvik@lr.no](mailto:astrid.sandvik@lr.no)

Sigmund Larsen 95223529 - [sigmund.larsen@lr.no](mailto:sigmund.larsen@lr.no)

Marit Henjum Halsnes 41511774 - [marit.henjum.halsnes@lr.no](mailto:marit.henjum.halsnes@lr.no)

Dag-Arne Eide 95812790 - [dag-arne.eide@lr.no](mailto:dag-arne.eide@lr.no)